Takk for at de vil delta på Ungdomens kulturmønstring i Fedje fleirbrukshall 14.februar 2015, kl. 12.00!  Mønstringa er eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy.

Programmet vert publisert på *http://ukm.no/pl3904/*. Det kan verta små endringar. Det er ikkje sett opp klokkeslett for kvar deltakar, men me oppmodar alle om å vera til stades under heile programmet. Det vil skape ei fin atmosfære og ramme rundt alle deltakarane si framføring.





**PRAKTISKE OPPLYSNINGAR**

- **Utstillarar** leverer sine produkt til sin kommunekontakt før torsdag 12.februar, eller i Fedje fleirbrukshall mellom kl. 14.00 og 18.00 fredag 13.februar. Berre slik kan me arrangørar få utstillinga klar.
  **Utstillarar må sjølv møte til registrering for å kunne delta på mønstringa.** Ein kan ikkje delta med produkt som har vert påmeldt ved tidligare mønstringar.
- **Film:** leverer sine produkt til sin kommunekontakt før torsdag 12.februar, eller i Fedje fleirbrukshall mellom kl. 14.00 og 18.00 fredag 13.februar. Ungdommane bak filmen må sjølv møte til registrering for å kunne delta på mønstringa.
- **Alle** møter kl. 10.45 for registrering, utdeling av matbilettar og eventuelt innlevering av playback CD med meir. Ferja går frå Sævrøy kl. 10.05. Alle deltakarar skal registrerast i hallen minst ein time før dei skal på scena. Dette er eit krav for å få kunne delta.
  Deltakarane må opphalde seg i artistgarderoba 20 minutt før dei skal på scena.

- Tidsramma gjer at det ikkje er høve for lydsjekk for deltakarar.
- **Kafeen** opnar kl. 10.40. Alle deltakara får ein matbillett og ein drikkebillett.
- **Lyd:** Arrangøren leiger inn PA, Keyboards, flygel, slagverk, bassforsterkar, og 2 gitarforsterkarar. Lydeffektar som fuzz, chorus, og liknande må deltakarane ha med.
- **Lys:** Det er vanleg og godt scenelys utan spesiallys-effektar.
- Ein **jury** vil vurdera kven som skal representera den einskilde kommunen ved fylkeskulturmønstringa 18. og 19. april på USF Verftet i Bergen. Deltakarar som fyller 13 år innan året 2015, kan gå vidare til fylkesmønstringa. Dette er ei mønstring og ikkje ein konkurranse, så alle over 13 år har sjanse til å koma vidare til fylkeskulturmønstringa ☺ Målet er å vera ferdig til ferja som går kl. 17.00.

**Ta med familie og vener slik at mønstringa vert mest mogeleg triveleg. Det er GRATIS inngang.**

**Ferjeruter frå Sævrøy er kl. 08.10, 10.05, 11.20. Det er ikkje nødvendig å ta med bil over – det er ca. 600 meter frå ferjekaia til Fedje fleirbrukshall. Unge arrangørar vil møte dere på kaien og følgje dere til lokalet.**

**Om de treng hjelp til å frakte utstyr, ta kontakt med UKM-kontakt for din kommune. Namn og nr til din kontakt finn du på: http://ukm.no/pl3904/**

**VEL MØTT! ME GLEDAR OSS.**



**Med vennlig helsing**
**Alle kommunekontakta og våre unge arrangør**